

KYRKJEBBLAD

51. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6/97

Herre, dei skal ferdast gjennom ei vanskeleg verd, lei du dei med din Ande. Dei kjem til å møta mange slag freistingar, styrk du dei med di kraft. Hjelp dei til å vera uthaldande i bøna og trufast bruka ditt ord og den heilage nattverden. Lat dei finna ein heim i di kristne kyrkje, så dei saman med alle som trur på deg, kan vedkjennast namnet ditt og i ord og gjerning takka og tena deg. (frå forbøn for konfirmantane)



Dersom du lurer på kva gjengen på biletet nedanfor gjer på kan du lesa om det på side 10 og 11.

Foto: Frode Kvamsøe

Les i dette nummeret!

«Det er sant allikevel»

Dette er tittelen på eit stykke av Gunvor Bjørsvik. Det kan du lesa på side 3.

«Frå farne tider» kan du lesa om side 2.

Nyttårsleir!

Informasjon side 4.

Les om artisten Stein Ove Berg og hans veg til Jesus, side 3.

Konsertar i Dale kyrkje kan du lesa om side 4.



På sidene 5 til 8 kan du lesa om soknerådsvala i Vaksdal prestegjeld med omtale av kandidatane.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 4. november 1997.
Bladet kjem ut i veka 49 som byrjar med 1. desember.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5280 Dalekvam

Tlf. 56 59 61 20**Kontortid: Tysdag, onsdag og torsdag kl. 09.00-13.30****Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 61 20

Tlf. privat 56 59 73 15

Kapellan Bård-Egil Dyrhol

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88

Mobiltlf. 94 55 12 87

Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Heradshuset 4. etasje

Tlf. kontor 56 59 44 54

Mobiltlf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR
VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar:

Ragnvald Kringlebotten,
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

Kasserar:

Asle Georg Karlsen, Boge,
5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese.**Til valurna
ein gong til**

Ikkje før har vi lagt Stortingsvalet bak oss, er det tid for å gå til valurnene att. Det bør ikkje kome som ei overrasking på oss, for det skjer kvart fjerde år dette og: Etter stortingsval er det soknerådsval.

Det skal velgjast nye sokneråd i dei seks sokna i Vaksdal prestegjeld. Dei nye sokneråda sin periode tek til 1. januar neste år, og varer i fire år. Kvart sokneråd vel sin representant til Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd. Ganske forenkla kan ein seie at sokneråda tek seg av det åndelege livet i sokna, mens Fellesrådet tek seg av den forretningsmessige drifta av prestegjeldet. Døme på dette er drift av kyrkjer og kyrkjegardar, og arbeidsgjevaransvar for dei tilsette.

Sokneråda er nok ikkje av dei mest synlege råd eller styre i kommunen vår, og for mange er det ukjent kva arbeid dei gjer, og kor mykje dei gjer. Likevel bør det ikkje vere tvil om at deira oppgåver er viktige, og har noko å seie for dei aller fleste av oss. Vi hadde i allfall røynt det om sokneråda skulle verta lagt ned. Då hadde mykje arbeid opphørt, mange menneske hadde mist møteplassar, og kyrkja sitt arbeid hadde meire enn godt er, vorte styrt av prestar.

Meir om valdatoar og kandidatar til dei einskilde sokneråda finn du ein annan stad i bladet. Sokneråda angår alle som er medlem i kyrkja, så syt for at du får gitt frå deg di stemme!

Frode Kvamsøe**Fra farne tider**

Denne gongen tek me først med noko som stod i nr. 9 1965.

Ti små kirkefolk

10 små kirkefolk skulle på kirkesti, da kom en byge, og så var det ni!

9 små kirkefolk ville til messe hen, én sov for lenge, så var det åtte igjen!

8 små kirkefolk nynnet: Fly, fugl, fly! én dro til Nordmarka, og så var det syv.

7 små kirkefolk kom fra et kompleks, én gikk til trening, og så var det seks.

6 små kirkefolk elsket sine hjem, en slo på radio, og så var det fem!

5 små kirkefolk satt i bil og skulle geare! én tålte ikke trekk, og så var det fire!

4 små kirkefolk var tro som bare det, prestens preken støtte en, så var det bare tre!

3 små kirkefolk sang om håp og tro, én fant salmene for lange, og så var det bare to!

2 små kirkefolk satt i komitéen, der ble de uenige, og så var det bare én.

1 liten kirkemann slet sine sko, han gikk rundt med kirkebladet - **og så var der to!**

Ny messehakel

I nr. 9, november 1957 kan me lesa at Stamnes kyrkje fekk ny messehakel. Den vart laga ved Den norske Husflidsforening i Oslo og var ei gave frå Stamnes Husmorlag. Meshakelen var karmosinraud med krossmotiv. Ved gudstenesta 2. juledag 1957 vart den teken i bruk

«Det er sant allikevel»

Vi var samlet til et misjonsmøte. Møtelederen hadde ønsket oss og den tilreisende predikant velkommen, og hadde holdt en kort andakt. Åpningssalmen var sunget.

Predikanten gikk på talerstolen. Han ser utover forsamlingen. «Da jeg er ukjent for dere, har jeg lyst til å fortelle litt om meg selv først. Jeg var fritenker.» Så fortalte han i noen enkle ord om sitt eget liv. Han var en motstander av kristendommen. Likte godt å diskutere religionen, argumentere, stille vanskelige spørsmål - og så videre. Men så reiste han en tur til sjøs. På kaien i en av havnene, kom en smilende ung mann mot han, og gav han en kristelig traktat. Det likte han. Nå fikk han en anledning til å diskutere. Men den unge mann hadde bare ett svar. «Det er sant allikevel.» Han kom ingen vei. Etter en stund gikk den unge mannen bare smilende videre. «Det er sant allikevel.» Det er sant allikevel.» Så ble han selv bare stående alene igjen. «Sant allikevel - sant, sannheten. Hva er sannheten? Ordene festet seg. - Så møtte han Jesus. Han beskrev ingen omvendelses-historie, ikke kall til forkynner-gjerning. Det var heller ikke nødvendig. Mannen på talerstolen var et vidnesbyrd i seg selv. - Jesu sterke ord til Pilatus - Joh.18,37, virker også i dag. «Hver den som er av sannheten, hører min røst.» Predikanten reiste nå rundt og forkynte Evangeliet om Jesus som er Sannheten, og var ansatt i et misjonskap som var med i arbeidet for å «bringe Evangeliet til jordens ende.» Han er en soning for våre synder, dog ikke bare for våre, men også for hele verdens.» 1.Joh.2,2.

Det blev et minnerikt misjonsmøte, og jeg er glad predikanten besøkte oss. Det var et ekko fra Jesu møte med Peter i Gallilea.

«Det er sant allikevel,» var den ungemannens vidnesbyrd. Han hadde møtt Jesus. Jesus har et ord til oss alle. - «Se, jeg står for døren og banker.» Lytter vi etter røsten? Åpner vi døren? «Hver den som påkaller Herrens navn, skal bli frelst.» Ap.gj. 2,21.

Gunvor Bjørsvik

Høgare enn Norskstoppen

-Sjølvsagt vil eg stå i Livsens bok, seier Stein Ove Berg, artisten som på 70-talet song seg opp på Norskstoppen med «Mandag morra blues» og andre velkjende låtar. «Kommer nå», «Rollebytte i oppgang A» og «Ikke gråt om det er vinter og det snør», var på alles lepper. Livet smilte tilsynelatende til den unge artisten.

-Sanninga er at eg aldri var lukkeleg i mi artistkarriere. Heile tida kjempa eg med angst. Dette hadde ikkje noko med prestasjonsangst eller sceneskrekke å gjera. Angsten var der lenge før artistlivet byrja. Eg var så tom innvendig. Det var denne angsten og tomleiken som gjorde at eg byrja med stoff, fortel Stein Ove Berg i eit intervju med Ørn Isaksen, Kristeleg Pressekontor.

Mange år gjekk med angst og stoffmisbruk.

-Etter kvart fekk eg det retteleg vanskeleg. Men saker og ting byrja skje. Gud greip inn i livet mitt. Eg innsåg at eg hadde surra lenge nok, og dermed bar det rett til Evangeliesenteret, legg han til.

Stein Ove Berg kom med sin gitar til inntakssenteret i Drammen. Han hadde gått på søndagsskule og hadde tatt vare på barnetrua, men det som gjekk føre seg på Evangeliesenteret, tykte han var høgst merkeleg.

-Eg trudde dei var «spænna gærne» alle i hop, seier sangartisten med eit smil.

Stein Ove Berg vart med dei til eit ungdomsmøte. Talar på møtet var Tom Fahmi. Etter ei retteleg god preike, spurde predikanten om det var nokon i forsamlinga som ikkje ville stå i Livsens bok!

-Då skjøna eg det, seier Stein Ove Berg. -Eg var jo ikkje så dum at eg ikkje ville stå oppskrivne i Livsens bok! Det skulle berre mangla. Eg sa til Gud at dersom det var ein liten sjanse for at det var sant det eg hadde hørt i kveld, så ville eg stå i den boka. Der og då tok eg imot Jesus og vart frelst. Det angrar eg ikkje på, seier ein rusfri og lukkeleg Stein Ove Berg. No syng han om Jesus.

KPK



Gud greip inn i livet mitt, fortel artisten Stein Ove Berg.

KPK-foto: Jørn Isaksen

KONSERTAR I DALE KYRKJE

Søndag 12. oktober kl. 18.00

Slettebakken Motettkor med sin dirigent kantor Olav Øgaard, framfører «Gloria» av Vivaldi og nokre salmar av komponisten Johannes Håkklau. Unge Sigurd Melvær Øgaard akkompagnerer koret og har også ein eigen avdeling på orgel.

Slettebakken Motettkor har tradisjon med å dra til Lid i Bergsalen eit par helger i året. Då kombinerer dei korving og fjellturar haust og vinter. Det byrja for om lag 10 år sidan med at Olav Øgaard tok dei eldste songarane i Slettebakken barnekor med seg på helgeturar, og i den fyrste tida kalla dei seg berre «Bergsdalskoret». Seinare er det blitt til Motettkoret, og det er kome nye songarar til. Dei har sunge fleire gongar i kyrkjene i Bergsdalen og Dale.

Denne gongen kan vi glede oss til både fin korsong med sopran- og altsolist, og ein framifrå musikkstudent på orgel. Sigurd M. Øgaard er 18 år, og trass i sin unge alder har han i fleire år vore ein framifrå organist. Som 12-13-åring spelte han her i Dale kyrkje, og han viste eit imponerande spel som gjorde eit sterkt inntrykk. Det blir sagt om Sigurd at han er Norges mest lovande orgeltalent.

Fredag 17. oktober kl. 19.00

Voss Musikklag har truleg ikkje hatt konsert i Dale kyrkje tidlegare, og det ville dei gjera noko med. Dei har sett opp eit fint program som skal framførast både på Dale og på Voss. Dei har også ein solistavdeling med ein mannleg songsolist. Det vert truleg også andre innslag i programmet.

Born og ongar

Stykket nedanfor er skreve av John Strønen og stod i Dagen 1994.

I det siste 10-året har eg registrert eit aukande misbruk av ord (språkbruk) og innføring av framord som er eigna til å villleia/redusera begrep og haldning, t.d. abort, i staden for fosterdrap.

Det eg i dag vil setja fingeren på er ordet «onge», i stadenfor det vakre og unike namnet born, når me talar om og til born. Søndag 5. juni 1994 vart ordet «onger» brukt i Mære kyrkje! (Gudstenesta og preika var svært gjevande og sjølvtransakande god). Men ordet onger, bruk om menneske,.....Nei!

Det står mange stader i Bibelen om born, ca. 300 gonger er ordet barn brukt, også når dei var ulydige og gjorde Gud sorg. Eg har aldri lese eller hørt ein tekst frå Bibelen der ordet «onger» er brukt om menneskebarn. Når Gud sjølv, Skaparen av alt liv, og det heile univers kalla oss alle for born, bør me også ha så stor respekt for Guds ypperste skapning at me kallar våre born for born. Det bør vere eit krav til alle som talar om og til born, offentleg som privat.

Hesten har føll. Kua har kalv. Sauen har lam. Geita har kje. Namn på livsfrukt som refererer til opphavet. Lågare graderte dyr som rotter, mus, orm og ei rekke andre dyr har ongar.....

Å bruke namnet «onger» på menneskeborn er nedvurdering av sjølve Menneskeverdet.

Borna er dei einaste skapningane i heile universet som er skapt

i Guds bilete, og har difor rett til, og krav på å verte omtalt og tiltalt med sitt rette og unike namn: **BORN = GUDS BORN!**

Eit rop frå grasrota:

Borna er framtida sitt liv!

Lat oss leva i Albert Schweitzers motto: «Ærefrykt for livet». **Borna er livets framtid.**

NYTTÅRSLEIR

Det vert nyttårsleir på Fagertun 28. des. 1997 til 1. januar 1998.

Alder 9. kl. og eldre.

Påmelding og informasjon:
Norges Samemisjon

**Bergen Krets,
Sparebankgt. 4 A,
5017 Bergen.**

Tlf. 55 31 65 06

9.00-14.00, ikkje onsdag

KYRKJESTADEN DALE 100 ÅR Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 150,-

**hjå Petersen & Ypsøy
og på Kyrkjekontoret.**

**Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5280 Dalekvam .
Tlf. 56 59 61 20**



Val '97



Val av sokneråd i Vaksdal prestegjeld for perioden 1998-2001

Valdatoar (sundagar, etter ei gudsteneste):

I Dale kyrkje	12. oktober	frå kl. 12.30 - 13.30 for Dale sokn.
I Eidsland kapell	12. oktober	frå kl. 18.30 - 19.30 for Stamnes sokn.
I Stamnes kyrkje	19. oktober	frå kl. 12.30 - 13.30 for Stamnes sokn.
I Vaksdal kyrkje	19. oktober	frå kl. 12.30 - 13.30 for Vaksdal sokn.
I Bergsdalen kyrkje	26. oktober	frå kl. 12.30 - 13.30 for Bergsdalen sokn.
I Nesheim kyrkje	26. oktober	frå kl. 12.30 - 13.30 for Nesheim sokn.
I Eksingedalen kyrkje	2. november	frå kl. 12.30 - 13.30 for Eksingedalen sokn.

Vallokala er i kyrkjene

Rett til å røysta har kvart medlem av Den norske kyrkja som bur i soknet og som innan utgangen av 1997 vil ha fylt 18 år og ikkje er frådømt røysteretten i offentlege saker. Eit korrigert medlemsregister vil verta nytta som valmanntal ved soknerådsvalet i Den norske kyrkja.

Soknerådsvalet vert halde som **fleirtalsval**.

Det vert røysta på eigne **røystesetlar**, som inneheld namn på kandidatane og kven som har føreslege dei.

Informasjon om korleis ein går fram når ein skal avgje stemme, vert gjeven i vallokala, munnleg og ved oppslag.

Kven kan du røysta på?

Kandidatane finn du på dei neste sidene. Nokre av dei står med bilet og/eller omtale, men dette er uavhengig av på kva plass dei er ført opp på vallistene. Ikkje alle har sendt inn bilet eller oversikt over verv dei har eller har hatt i ymse samanhengar.

**VALLISTE FOR
DALE SOKNERÅD**

Ingrid Leiren



54 år, tekstilarbeidar, Dale Soknerådsmedlem 1993-97, formann i dei to siste åra. Medarbeidar i Radio Vaksdal.

Ingebjørg Dale

52 år, lærar, Stanghelle. Medlem i soknerådet sitt dåpsopplæringsutval. Styreverv i husmorlag, skulemusikk og mållag.

Ståle Hol

46 år, lærar, Stanghelle. Varamedlem i Dale sokneråd 1993-97.

Kari Hegge

47 år, lækjar, Dale.

Ole Kristian Risnes



29 år, student, Dale. Stanghelle idrettslag: Nestformann og diverse andre verv, Hordaland bordtenniskrets: styremedlem, Stanghelle Ungdomsklubb: Nestformann, Unge Høgre: Kasserar.

Oddveig Straume



53 år, sjukepleiar, Dale.



Manfred Marx



61 år, produksjonssjef, Stanghelle.

Johnny Laksy

50 år, tekstilarbeidar, Stanghelle.

Eli Bjørg Leiren



43 år, tekstilarbeidar, Stanghelle.

Ragnvald Kringlebotten



50 år, Stanghelle. Redaktør for Kyrkjebladet. Søndagsskullearbeidar, Vingleiar og Yngresleiar, kasserar for Stanghelle Indremisjon og bedehus.

Elsbeth Rønhovde

62 år, lærar, Stanghelle. Varamedlem i Dale sokneråd 1993-97.

**VALLISTE FOR
VAKSDAL
SOKNERÅD**

Sollaug Boge

54 år, helsesøster, Boge.

Odd Arild Faugstad

50 år, revisor, Vaksdal.

Sølvi Irene Hovlandsdal

40 år, sjukepleiar, Vaksdal.

Helge Gullbrå

28 år, sjåfør, Vaksdal.

Grete Loftheim Dale



45 år, lækjar, Vaksdal.

Tove Margrethe Nordmark

43 år, kontorfullmektig, Boge.

Karin Faugstad Mjelde

47 år, husmor, Vaksdal.

Martha Bjørsvik



49 år, barnepleiar, Vaksdal. Forenings- og barnelagsarbeid. Styremedlem i barnehage.

Kjell Anfinn Nysted

48 år, snekkar, Vaksdal.

Bjørn Knutsen

51 år, møllearbeidar, Vaksdal. Medlem og varamedlem i fleire periodar. Formann i Vaksdal sokneråd 1992-97.

Elisabeth Dyrhol

28 år, prosjektleiar, Vaksdal.

**VALLISTE FOR
BERGSDALEN
SOKNERÅD**

Lise-Lotte Småbrekke

43 år, sjukepleiar/bonde.
Soknerådsleiar 1993-97.

Roald Brekke



57 år, rekneskapsførar.
Soknerådsmedlem 1994-97,
sekretær i 3 år.
Medlem i likningsnemnda og
forliksrådet.

Asbjørn Berge

57 år, vegarbeidar.
Soknerådsmedlem 1994-97.

Margunn Fosse

59 år, husmor.

Jan Haldor Hatlestad

37 år, byggmeistar.

Ragna Lid



31 år, husmor/bonde.
Medlem i soknerådet 1990-93.
2 år skrivar, 2 år leiar.

Kari Grimsbø Berge

52 år, husmor.
Medlem i soknerådet 1990-93.

Helge Terje Fosse

44 år, bonde/sjåfør



Kåre Egenberg



43 år, bonde.

Bjørg Fosse

39 år, bonde/barnehageassistent.

Edvard Martin Kleven

49 år, maskinmeistarassistent.

Berit Pettersen

37 år, husmor/bonde.

Nils J. Lid

56 år, vaktmeister.

Lars Inge Brekke

50 år, bonde/sjåfør.

Ragnvald A. Berge

32 år, bonde/vegarbeidar.

Dan Berge

28 år, bonde/sjåfør.

**VALLISTE FOR
EKISINGDALEN
SOKNERÅD**

Rune Lavik

39 år, produksjonsrådgjevar.

Haldis Fjellanger

37 år, husmor/bonde.

Britt Nese

40 år, frisør/husmor/bonde.

Asbjørn Lavik

27 år, snikkar.

Geir Ove Karlsen

43 år, sjøfør.

Tor Andersen



35 år, sagbruksarbeidar/kyrkje-gardsarbeidar.

Karin Flatekval

30 år, husmor/bonde.

Vigdis K. Høvik

37 år, husmor/bonde/heimehjelp.

Bjørn Eikefet

33 år, hjelpepleiar.

Bjørg Furevikstrand

34 år, husmor/heimehjelp.

Rune Nesheim

43 år, bonde.

Bengt Eriksen

45 år, butikkstyrar

Asbjørn Flatekval



42 år, bonde.

VALLISTE FOR STAMNES SOKNERÅD

Margot Leiren Hesjedal



57 år, frisør, Stamnes.
Studieiar. Medlem i helselag,
samarbeidsutval i skulen og
kulturutval.

Bjørg Dæmring Berge

53 år, reinhaldar, Stamnes.
Medlem i kulturutval, skule-
korps, Vaksdal Historielag.

Trond Hagen

33 år, sjåfør, Stamnes.

Frode Osvald Kallestad Dyvik



28 år, oljearbeidar, Stamnes.
Styremedlem i bygdelag og
idrettslag.

Kirsten Gullbrå

55 år, husmor, Eidslandet.

Eidrun Straume Normann

37 år, husmor, Stamnes.

Kjell Dyvik

51 år, Stamnes.

Anny Bjordam Leiren

54 år, husmor, Stamnes.



Ove Magne Straume

40 år, lærar, Stamnes.
Diverse ungdomsarbeid.

Reidun Klausen

50 år, tekstilarbeidar, Stamnes.

Per Kulshamar

45 år, vaktmeister, Stamnes.

Mons Johan Vik

45 år, mekanikar, Stamnes.

Karsten Stien

64 år, pensjonist, Stamnes.

Håkon Jakobsen



62 år, pensjonist, Stamnes.

VALLISTE FOR NESHEIM SOKNERÅD

Albert Gullbrå

55 år, bonde.
Vara代表 in soknerådet 1994-
97. Tidlegare representant i
kommunestyre, skulestyre,
teknisk utval og leiar i Bygda-
rådet.

Styremedlem i Grunneigarlaget,
kasserar for Ekse Grendahus og
leiar i Bondelaget.

Marit Fjellanger

62 år, butikkjelp/bonde.

Magnar Nese

35 år, lærar/bonde/kyrkjegards-
arbeidar.
Sekretær i soknerådet 1994-97.
Leiar i skigruppa i EMIL

Svein Trefall

47 år, lensmannsbetjent.

Nils Gullbrå

68 år, pensjonist.
Vara代表 in soknerådet 1994-
97.

Anne Synnøve Nesheim

39 år, husmor/bonde.
Vara代表 in soknerådet 1994-
97.

Arne Nesheim

54 år, bonde.

Lilly Nese

61 år, husmor/bonde.
Vara代表 in soknerådet.

Hallvard Gullbrå

44 år, bonde.

Atle Bergo

51 år, bonde/sjåfør.

Terje Gullbrå

46 år, anleggsarbeidar.

Nils L. Nesheim

58 år, bonde.

Ragnar Trefall

45 år, bonde.

Oddvar Fosse



Tidlegare medlem og vara代表
in soknerådet.

LESESTOFF?

Me har meir enn du trur
Me er også kommisjonær for
Norsk Tipping og Norsk Rikstoto



ALT I KJØKKENINNREDNING

BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE




56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

Voss Samvirkelag:

Avd: Vaksdal Senter, tlf. 56 59 75 01
Bygg Mix, Vaksdal Senter, tlf. 56 59 71 10
Avd. Eidsland, tlf. 56 59 56 55
Avd. Eksingedalen, tlf. 56 59 58 20



Trelast og byggevarer



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70
Dalegarden, 5280 Dalekvam

**ALT I
TRYKKSAKER****VAKSDAL TRYKK A/S****Mob.tlf. 946 20 789****Faks 56 59 71 03****DALE HANDELSFORENING****avd. Dale 56 59 61 01****Avd. Stamnes 56 59 82 03/56 59 82 02****Avd. Stanghelle 56 59 50 35****Billettsal Dale stasjon****Me tilbyr:**

- * Togreiser i Norge, reise og plassbillettar
- * Kombinasjonsreiser i Norge
- * Formidlar billettar til internasjonale togreiser
- * Pakkeløysingar, kurs- og konferanser for næringslivet

Hugs å kjøpa månadsbillettane dine på Dale!

Ope mand. - fred. kl. 07.45-16.05
1. og siste kvar mnd. kl. 06.30-16.30

Tlf. 56 59 66 22 Fax: 56 59 71 01



Fagertur til Fagertun

Høgt støynivå og fullt liv var det på leirstaden Fagertun i Eksingedalen siste helga i august. Årsak: Femti konfirmantar var på tur!

Konfirmasjonstida tek til med denne helgeturen, og konfirmantane frå heile kommunen var med. Det er prestane som har ansvaret for konfirmantundervisninga, men denne helga hadde dei med seg eit korps av dyktige medleiarar, mange med lang erfaring frå slikt ungdomsarbeid.



Kva gjer ein så på ei slik helg? Les i Bibelen og ber heile tida? Joda, det vart lese i Bibelen, og det var høve til å be. Men programmet for helga varierte frå høgrøysta og komisk kveldsunderhaldning til stille bøn, frå avslapping på romma til fysiske aktivitetar som fotball, volleyball og tur-gåing. Det viktigaste med helga var å vere saman på eit anna

vis enn i kvardagen. Konfirmantar og leiatar vart betre kjende med kvarandre, noko som er med på å leggje grunnlag for gode samvèr frametter i konfirmasjonstida.

Fredagskvelden drog alle opp til skulen på Bergo, for å få med seg konserten med Hans Inge Fagervik. For mange var det eit gjenhør, sidan Fagervik vitja Dale ungdomsskule i vår. Fagervik song til eige guitarspel eller pianospel. På nokre av songane hadde han andre musikarar og songarar, men det var på lydband. Innimellom snakka han melom anna om rusmisbruk, tru og tvil, om å vere ung, og om det å møte motgang i livet. Konserten vara i over halvannan time, og då Fagervik var ferdig, var det nesten midnatt.

Sundag var det gudsteneste i Nesheim kyrkje, og det vart ei gud-

steneste som var prega av konfirmantane sin innsats. Preiketeksten var historia om ti spedalske som vart helbreda av Jesus, men der berre ein kom attende for å takka han. Laurdag arbeidde konfirmantane i grupper der dei på ulike vis arbeidde med denne teksten eller førebudde andre deler av gudstenesta. Til dømes laga nokre plansjar - ein av dei var om sjukdomen lepra, nokre formulerte bøner som vart nyttå i gudstenesta, andre skipa eit kor som song for køyrkjelyden.



Nokre av konfirmantane pustar ut etter at dei er komne opp til Lavikastølen.

Foto: Frode Kvamsøe



Deltaking på gudstenesta i Nesheim kyrkje var noko av opplegget på konfirmanthelga.

Foto: Frode Kvamsøe



To av konfirmantane, Roy Stien og Kristian Møster, førebur gudstenesta på Nesheim.

Foto: Frode Kvamsøe

«KRAFTTAK MOT KREFT»

TV-aksjonen i år skal vere dugnad mot kreft. Midlane går til Den Norske Kreftforening sitt arbeid. **Dagen for aksjonen er 9. november.**

Kreftsaka er ei sak som vedkjem oss alle. Alle har vi ein ven eller eit familiemedlem som har eller har hatt kreft. Vi kjenner sorga, lidinga og smarta som denne sjukdomen fører med seg både hos den som er ramma og hos dei pårørande. Kreft rører ved oss, både ved vår medkjensle og ved vår frykt.

Eg kjenner likevel mest på glede ved denne aksjonen. Det er mogeleg å gjere noko både for å forebygge og å lindre. Alle kan vi gjere ein innsats no når andre organiserer for oss.

At kvinner i Sør-Amerika får ei sæskild hjelp ved denne aksjonen, er særleg bra. Eg bed om at mange tek tak og melder seg som bøsseberarar og medhjelparar.

Lat oss gje sjølve òg - det er omsorg i praksis!

**Med helsing
biskop, Ole D.
Hagesæther**




LEDIGE STILLINGAR I KYRKJENE!




Me treng kyrkjetenar i Vaksdal kyrkje, reinhaldar i Vaksdal kyrkje, reinhaldar i Stamnes kyrkje, og vikar for reinhaldar i Eksingedalen kyrkje.

Sjå utlysing i Vaksdal Posten frå 02.10.97 eller ta kontakt med kyrkjeverje Svein Tøsse på tlf. 56 59 44 54. **Søknadsfrist 18.10.97.**



SLEKTTERS GANG**DØYPTE****DALE**

14.09 Benedicte Boge Svarstad



...at dei må halda trufast saman og hjelpe kvarandre fram mot det evige livet.

AVLIDNE**DALE**

20.08 Arvid Reigstad, f. 1920

31.08 Johan Grøsland, f. 1911


VAKSDAL

05.09 Ingeborg Hvidsten, f. 1913

09.09 Bjørg Johanne Ulevik, f. 1925

NESHEIM

07.09 Johannes Ekse, f. 1922



...at me må læra å telja våre dagar, så me kan få visdom i hjarta.

VELKOMEN TIL**KÝRKJE****5. oktober - 20. søndag etter pinse**VAKSDAL KÝRKJE kl. 11. Dyrhol.
Nattverd.EKSINGEDEALEN KÝRKJE kl. 16.
Dyrhol. Konfirmantpresentasjon.**12. oktober - 21. søndag etter pinse**DALE KÝRKJE kl. 11. Kvamsøe.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Soknerådsva etter gudstenesta.

DALE KÝRKJE kl. 18. Konsert med

Slettebakken Motettkor og Sigurd Melvær Øgaard, orgel. «Gloria» av Vivaldi m.m.

EIDLSDAL KÝRKJE kl. 17.

Kvamsøe. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Soknerådsva etter gudstenesta.

Fredag 17. oktober

DALE KÝRKJE kl. 19. Konsert med Voss Musikklag.

19. oktober - 22. søndag etter pinseVAKSDAL KÝRKJE kl. 11. Dyrhol.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Soknerådsva etter gudstenesta.

STAMNES KÝRKJE kl. 11.Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
Soknerådsva etter gudstenesta.**26. oktober - Bots- og bededag**

BERGSDALEN KÝRKJE kl. 11.

Familiegudsteneste. Kvamsøe og Reidun Skurtveit. Utdeling av «Barnas Kyrkjebok» til 4-åringar. Offer til Nordhordland Indremisjon. Soknerådsva etter gudstenesta.

NESHEIM KÝRKJE kl. 11. Dyrhol.
Soknerådsva etter gudstenesta.

DALE KÝRKJE kl. 17. Hausttakfest. Dyrhol. Offer til IKO.

Fredag 31. oktober

VAKSDAL KÝRKJE kl. 20.

Tomasmesse. Kvamsøe og Dyrhol.

2. november - Helgemessesundag

EKSINGEDEALEN KÝRKJE kl. 11.

Kvamsøe. Nattverd. Soknerådsva etter gudstenesta.

VAKSDAL KÝRKJE kl. 18. Dyrhol.
Nattverd. Offer til Kirkens SOS.**9. november - 25. søndag etter pinse**

DALE KÝRKJE kl. 11. Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Blå Kors i Norge.

EIDLSDAL KÝRKJE kl. 11.

Familiegudsteneste. Dyrhol. Offer til Liljekonvallen. Utdeling av «Barnas Kyrkjebok» til 4-åringar.

STAMNES KÝRKJE kl. 17.

Familiegudsteneste. Dyrhol. Offer til Søndagsskulane på Stamnes og

Straume. Utdeling av «Barnas kyrkjebok» til 4-åringar.

16. november - 26. sør. etter pinse

VAKSDAL KÝRKJE kl. 11.

Familiegudsteneste. Dyrhol. Offer til Bergen Søndagsskolekrets. Utdeling av «Barnas Kyrkjebok» til 4-åringar.

STANGHELLE BEDEHUS kl. 18.

Dyrhol. Offer til Kristelig Kringkastingslag.

23. november - Siste sør. i kyrkjeåret

DALE KÝRKJE kl. 11.

Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Søndagsskulen på Dale og Stanghelle. Utdeling av «Barnas kyrkjebok» til 4-åringar.

BERGSDALEN KÝRKJE kl. 20.

Kvamsøe. Nattverd.

30. november - 1. søndag i advent

NESHEIM KÝRKJE kl. 11.

Familiegudsteneste. Dyrhol. Utdeling av «Barnas kyrkjebok» til 4-åringar.

VAKSDAL KÝRKJE kl. 18.

Lysmesse. Dyrhol. Offer til Vaksdal Kristelege Ungdomslag.

**Møtehelg i
Bergsdalen
24.-26.10****ved Reidun Skurtveit**

Kvar haust har det vore møteveke i Bergsdalen kyrkje, med talarar frå Nordhordland Indremisjon. I år vert det ikkje møteveke, men møtehelg, og det er Reidun Skurtveit som skal tala.

Fredag kl. 20: Songkveld**Laurdag kl. 15:** Familiemøte

Ta med kaffimat

Sundag kl. 11: Familiegudsteneste
(Sjå preikelista)